

Soknepresten i Øygarden



Soknepresten i Øygarden



Dykkar ref.:

Vår ref.:

Dato: 15.03.2005

Soknepresten si Årsmelding 2004

Kjære vener!

Nåde vere med dykk og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus!

Det er ikkje til å tru at det snart er gått 3 år sidan eg vart henta til tenesta i Øygarden prestegjeld.

Førre året sa eg til dykk i årsmeldinga at mi oppgåve i Øygarden nok vert å vere ein overgongsfigur som m.a. må setje på dagsorden kva slags kyrkje sokna og prestegjeldet ønsker i framtida, på landsbasis, og lokalt. Men det å halde på stafettspinnen på den etappen eg har fått er viktig, og likeeins at eg avleverer i fin stil ved veksling.

Tala i årsstatistikken talar for seg sjølv. I 2004 var det mindre frammøte til gudstenestene, og vi ser at få sokjer presten sine tenester utanom gudstenester og kyrkjelege handlingar (soknebod). Vi ser og at vi er svake når det gjeld diakonale tiltak. Dette må eg løfte fram sjølv om det nok kjem ein del til meg på kontoret, eller ringer, og alle som skal ha dåp, vigsel og gravferd vert vitja av, eller har samtale med presten.

I det følgjande vil eg kome inn på korleis eg ser for meg at vi kan møta denne situasjonen. Men eg vil heller ikkje i år la vere å nemna situasjonen i Dnk på landsplan, som eg ser som særskilt alvorleg. Og då må spørsmålet stillast:

Kva for kyrkje vil de ha?

Eg vil som sokneprest ”strida for den tru som ein gong for alle er overgjeven til dei heilage...” (**Jud.1,3**) Eg vonar de ønsker det same. Det trur eg. Sterkt er lansert mellom oss omgrepene ”ikkje nord om Svelgen.” Men det er viktig at dette ikkje berre vert teori. Siste opplysning om Lærenemndsaka er at resultatet vil verta presentert 25.august i år. I den situasjonen bør vi ha eit svar. Eg seier ikkje meir her om korleis vi skal stille oss til situasjonen i Dnk, enn å vise til dei dokument som alle dei 3 råda vedtok 25.august 2002. Du finn dei på dei nye internetsidene til prestegjeldet: <http://www.kyrkja.net/skno.htm>

Kva for kyrkje vil de ha i Øygarden?

Frå situasjonen på landsplan til det lokale: *Kva for kyrkje vil de ha i Øygarden?*

Saka har mange sider, men lat oss i denne samanhengen fokusere på måten vi feirar gudsteneste på, og nokre spørsmål kring kyrkjelydsbygging, og –identitet.

Mange oppfattar gudstenesta i dag som statisk, dei skjønar ikkje kva ho er, kjenner ikkje ”koden.” Difor prioriterer dei henne ikkje, og ho får kanskje i mindre grad med nye, eller stadfester dei truande i den apostoliske kyrkjetrodisjonen som Judas snakkar om.

Men gudstenesta (5 deler-5 fingre på ei hand) er i sitt vesen dynamisk, og har vore kalla både ”eit stort bønemøte”, og ”den bortkomne sonen sin liturgi”. Og eg vil absolutt forsvare å nyta Den Heilage Apostel sine ord om henne: ”...eit levande og heilagt offer som er til hugnad for Gud... (**Rom.12,1**)

Org.nr.: 874 741 582

Adresse Kontor:Boks 144, 5331 Rong

Telefon Kontor: +47 56 38 22 44

Mobil: +47 950 67890

Faks: +47 56 38 22 41

Epost: sokneprest@kyrkja.net

Soknepresten i Øygarden



For oss som står i ein luthersk tradisjon, ligg det og nær å beskrive gudstenesta med orda i Augustana 7 om den sanne kyrkja: **”..der evangeliet vert lært rett og sakmenta brukta rett...”**

Teorien og teologien er likevel bare ein side av saka, for *Kristus vil læresveinar*. Difor trur eg det er viktig at gudstenesta talar ikkje berre til øyro, men at alle sansane våre vert tekne i bruk: At det som skjer i gudstenesta *gjer* noko med oss.

Eg tok på årsmøta i fjor til ords for fleire gudstenester på søndag føremiddag. For det skal noko til å romme alt vi vil ha med i henne på 60-90 minutt: Fine salmar, ei god preike, dåp, nattverd, bøner, og ymse markeringar i prestegjeldet sitt dåpsopplæringsprogram. For å nå fleire grupper i kyrkjelyden, ikkje minst born, ungdom og småbornsforeldre er det dessutan viktig å vere fleksibel med tidspunkt og form, sjølv om ledda er dei same.

Til tross for prosjektet med doble gudstenester i Blomvåg kan vi likevel sjå av den kyrkjelege årsstatistikken for Øygarden for 2004 at det har vore nedgang i talet på menneske som har vore til kyrkje siste året. Samstundes las vi i avisane om stor oppslutning om gudstenester i både karismatisk og katolsk samanheng i Bergensområdet. Det er eit apropos at samstundes som Vest-Nytt skriv at vi må ”lokke med band og kor”(noko vi IKKJE gjer!), er det iflg.BT meir enn fullt i St.Paul. Og det er for det meste akkurat den same gudstenesta vi har hjå oss som dei har! På andre sida har den nye Tremorkirken som scorer blant mange unge i Region Vest ei annleis gudstenesteform, men eg vil påstå at vi har ”opna” sundagsgudstenesta ved det gudstenesteprosjektet vi har hatt i Blomvåg siste året.

Vi kan sikkert ha noko å lære både i Nygårdsgaten og på Straume, men aller mest må vi utvikle og gjere betre vår eigen gudstenestetradisjon. For å bevare dei som trur, og nå vidare ut til nye med evangeliet. Ønskjet om å få til ei ministrant(medhjelpar)teneste må vi forsøke å realisere t.d. med konfirmantane, og dette halvåret er det planen min å relansere gudstenesta som ”Den Store Lovsangen”. De vil finna dei tradisjonelle ledda, men vil og oppleve gudstenesta som opnare idet det vert fleire alternativ. Utan at terskelen for kyrkjelyden vert hogare. Og ledda vil kunne ta seg annleis ut ettersom det er born, ungdom, vaksne, eller den ”vanlege” kyrkjelyden som er målgruppa. Dette høver og godt med den store liturgireformen som er varsla i kyrkja. Det skal vere klare rammer, men meir varabelt innhald seiest det. Det er då viktig å gå inn å prege dette arbeidet, og mykje stoff om gudstenesta vil etterkvart kome på internetsidane våre.

Kyrkjelydsbygging: Stavanger Bispedøme går nye vegar

Diakonien er svak hjå oss. Og slik og bruken av sokneboda. Eg vonar og at våre nye internetsider: Kyrkjeleg Vestavind skal vise seg å vere ei hjelptil å forløyse engasjement på dette feltet, både som visjonsgjevar og informasjonskanal. Kanskje heng og situasjonen saman med svaret på dette spørsmålet: Skal kyrkja og soknet vere noko meir enn der vi samlast til gudsteneste?

Her må de seie kva de meiner.

I Den norske kyrkja har det vore vanleg å tenke om lag slik: Gudsteneste kl.1100 og bedehuset om kvelden. Eg har hatt den lukke å få veksa opp i denne tradisjonen, og få rekne dei som går begge plassar som ”same folket”.

Men kan vi gå vidare med denne tenkemåten? Kristeleg sett er dette ønskjeleg. Det er viktig å ha ei økumenisk haldning. Men ikkje bare går folk i våre dagar til andre kyrkjer, sjølv om vi enno ikkje har sett nokon særleg utvikling denne vegen i Øygarden. Likevel er det og hjå oss røyster som talar for ”alt under eit tak.” osb.

På Jæren er det no 7-8 prøveprosjekt med ”nye kyrkjelydar”. Det er td Bogafjellet, Gjesdal, Klepp Stasjon. Mest kjend er vel Lundeaugen, som og nyleg er lansert som det første ”personsokn” i landet, jfr råda sin

Org.nr.: 874 741 582

Adresse Kontor:Boks 144, 5331 Rong

Telefon Kontor: +47 56 38 22 44

Mobil: +47 950 67890

Faks: +47 56 38 22 41

Epost: sokneprest@kyrkja.net

Soknepresten i Øygarden



uttale om kyrkje-stat 2002, nemnt over. Misjonsorganisasjonar som NMS er til dels med på desse prosjekta.

Slik kyrkjelydsplanting er organisert rundt ei celle. Nivået over er callegruppa, og desse samlast ein gong i veka til eigne møter. Etter ei tid deler dei seg, og dannar fleire. Viktig er og at gruppene er innretta mot gudstenesta, både har dei forplikting til å gå, men og ymse oppgåver i, og rundt gudstenesta.

Slik kyrkjelydsbygging kan og skje i ramma av eksisterande arbeid, eller td i ein del av eit eksisterande sokn.

Eg vil no spørje om de kan tenkje dykk noko slikt i, eller i deler av sokna i Øygarden prestegjeld.

Og då understreker eg at vi i kyrkjestaben har full respekt for arbeidet til dei friviljuge kristne organisasjonane og på bedehusa.

Men vi **må** ta vare på nye, og bevare dei som alt er truande.

Konsekvensane av ny tenesteordning i Øygarden

Over til eit anna spørsmål av ein litt annleis karakter, som og rører ved vår identitet som prestegjeld. Det er innført ny tenesteordning for prestar i Dnk 1.juli i fjar. Det meste av bakgrunnen skal eg la ligge her. Men det nye fritidsreglementet for prestar, med fri 2 vekedagar tel ein god del.

Kva vert konsekvensane av den nye ordninga i Øygarden?

Prestane i prostiet har denne vinteren forhandla med prosten om korleis denne ordninga skal setjast ut i livet. Som sokneprest i Øygarden har eg reservert meg mot at prostiet vert tenestedistrikt i mitt døme. Dette har eg rett til, sidan eg vart tilsett før den nye ordninga tok til å gjelde. Samstundes er det klårt at i den augneblinken eg er ute av biletet og det skal komme ny prest hit, vil prostiet verta denne presten sitt tenestedistrikt og prestegjeldet vert då i praksis nedlagt.

Eg har tatt dette standpunktet i omsorg for prestegjeldet. Men de må vere klår over at sjølv om det ligg ein del sjølvstendiggjering av prestegjeldet ved det valet eg har teke, kan vi på sikt rekne med å måtte ta større lokalkyrkjeleg ansvar for økonomien.

Samstundes er det slik at dei fleste prestar frå 1.juli må ta del i ei ny beredskapsordning, der prestane har vakt i heile prostiet omrent kvar 8.veke og må rykke ut ved dødsbod; samt soknebod og sjælesorg som ikkje kan utsetjast.

Eg har sagt ja til å ta del i denne ordninga, då eg ikkje ser nokon særleg konflikt mellom denne tenesta, og mi teneste mellom dykk.

På den andre sida, når eg har fri, har vi for det meste tenkt å løyse vikarspørsmålet internt, ved å gå til prestar vi alt har på vår liste, som kyrkjelyden kjenner, utan då å binde oss for mykje til den offisielle ordninga.

Til sist eit anna ord frå Judas brev:

"Men de, mine kjære, oppbygg dykk på dykkar høgheilage tru og bed alltid i Den Heilage Ande."(1,20)

Med venleg helsing

Dykkar i Kristus

Svenn Martinsen

sokneprest

Org.nr.: 874 741 582

Adresse Kontor:Boks 144, 5331 Rong

Telefon Kontor: +47 56 38 22 44

Mobil: +47 950 67890

Faks: +47 56 38 22 41

Epost: sokneprest@kyrkja.net

Soknepresten i Øygarden



Org.nr.: 874 741 582
Adresse Kontor:Boks 144, 5331 Rong
Telefon Kontor: +47 56 38 22 44
Mobil: +47 950 67890
Faks: +47 56 38 22 41
Epost: sokneprest@kyrkja.net